

## Budsjett 2022

Psykisk helsevern  
Helse Førde HF

## Innhald

Samandrag.....	2
Føresetnader i budsjett 2022 .....	2
Budsjettarbeidet vårt .....	2
Risiko i budsjett for 2022 .....	4
Ramme 2022.....	5
Økonomi.....	6
Kostnadsutvikling .....	6
Aktivitetsutvikling .....	6
Aktivitet per avdeling.....	7
Bemanningsplan .....	8
Forsking.....	8
Budsjettprosess.....	8
Forkortingar for einingsnamn nytta i dokumentet .....	9

## Samandrag

Budsjettet vårt er utarbeidd innanfor den ramma som er gitt. Det er nytta rammebudsjettering, slik at alle avdelingane våre har tatt sin relative del av den utfordringa som ligg i å lage budsjett innanfor tildelte rammer.

Vi har gjennom fleire år vore nøydde til å finne rimelegare måtar å tilby våre pasientar eit godt og forsvarleg behandlingstilbod. Budsjettet for 2022 er stramt, men det er lagt opp til ei forsvarleg drift. Vi vil med dette budsjettet også i 2022 kunne gje gode tilbod med høg kvalitet til pasientane våre.

Psykisk helsevern for vaksne har fokus på å sikre kvaliteten og omfanget av poliklinisk verksemd slik at vi framleis samla sett tilbyr adekvate og gode pasientforløp ved kvart DPS. Dette arbeidet vil halde fram i 2022. Vi har fått ekstra midlar til å styrke ambulansetilbod i 2022.

Døgntilbodet for psykisk helsevern til barn og unge vert planlagt på same nivå som i 2020. Vi har fått ekstra midlar til å styrke tilbodet til barn og unge, og vi ventar at tal polikliniske konsultasjonar vert høgare enn siste år.

Innanfor TSB har vi redusert kjøp av gjestepasientplassar til eit nivå som kan vere det nivået som følgjer av fritt sjukehusval, og vi ventar at aktiviteten i eige føretak vert noko høgare enn siste år.

## Føresetnader i budsjett 2022

Årsprognosen for 2021 gjev grunnlaget for budsjettet for 2022. Basert på denne er kostnadsnivået tilpassa ramma for 2022.

## Budsjettarbeidet vårt

Det er i budsjettet for 2022 ikkje lagt opp til at vi skal gjennomføre spesifikke tiltak i 2022 som vil påverke drifta. Vi starta arbeidet med å tilpasse drifta til rammene for 2022 allereie tidleg i 2021. Endringar som skal skje på den enkelte avdeling vil skje innanfor budsjetterte rammer og det personellet som er tilgjengeleg.

## NPS

- Bemanningsplanen for Seksjon dag inneber fleire legar og psykologar enn vi har i dag. Desse yrkesgruppene har høgare løn, og fleire spesialistar vil difor gje oss færre tilsette om det ikkje vert tilført midlar. I 2022 har vi sett av midlar for å tilsetje LIS i poliklinikken.
- Vi ynskjer å auke stillingsprosenten for musikkterapeut til 100 prosent i 2022.
- Kompetansehevingsprogrammet SKOP vert, etter ein pandemipause, vidareført.
- Gode røymsler med innleige av sjukepleiar frå vikarbyrå i sommarferien gjer at det må setjast av midlar til å gjere dette også i 2022.
- Vi kan redusere innleige av overlege noko jamført med budsjettet for 2021.

Busjettet går i balanse ved:

- God planlegging av fråvær og innleige i nært samarbeid mellom seksjonane.
- Vakansperiodar for ledige stillingar.
- Gradvis redusert belegg i seksjon døggn ventast å føre til mindre trong for innleige av ekstrahjelp.
- Mindre bruk av overlege frå vikarbyrå.

Avdelinga meiner at budsjettet ikkje har negative konsekvensar for drifta.

### ISP

Budsjettarbeidet vil alltid vere ein sum av større og mindre justeringar. Under er det skissert dei tiltaka som gjev størst utslag i 2022.

Tiltak gjennomført i 2021 blir i all hovudsak vidareført til 2022. Alle større budsjettpostar er justert ut frå ein risiko-/sårbarheitsanalyse. Det gjer at risikoen for avvik er større enn tidlegare år, men ikkje utover det vi ser på som akseptabel risiko.

Stilling som aktivtør ved sengeposten blir ståande vakant, noko som rammar aktiviseringstilbodet til pasientane. Sårbarheita aukar noko ved at det ved fråvær på helg vil vere behov for innleige av vikar. Budsjett 2022 har teke høgde for det. Øyremerka tilskot til meir stadleg teneste ved Vik fengsel og ambulante tenester blir vidareført på same nivå.

Det er viktig å rekruttere både spesialistar og erfarne medarbeidarar til senteret for å oppretthalde og vidareutvikle kvaliteten i senteret sitt tilbod. Leiinga skal ha spesiell merksemd på dette i høve intern kompetanseutvikling og ekstern rekruttering. For å sikre spesialistdekninga ved senteret har vi 2021 måtta leige inn vikarar frå vikarbyrå. Senteret har lyst ut fast stilling som psykiater/vikar fleire gonger, og dersom ein ikkje lukkast med dette arbeidet må vi leige inn frå vikarbyrå også i 2022.

### PSK

Avdelinga psykiatrisk klinikk held til i nybygg i Førde, på Tronvik og i SMS-senteret i Florø. I mars 2021 flytta akutt døggn, DPS sengepostar, DPS dag (poliklinikk), vaksenhabilitering og tryggleikspost inn i nytt bygg. Rus døggn ligg framleis på Tronvik, og det same gjeld for nokre av dei tilsette på DPS dag som har behandlarkontor ved SMS-senteret i Florø. Tryggingsposten vart etablert i mai 2021 med tre døgnplassar, men den har allereie for få plassar. Det er difor søkt om å få auke tal døgnplassar til fire, og om å få styrka det ambulante tryggleiksteamet med fleire stillingar. Fleire får dom på psykisk helsevern som treng tilbod frå psykiatrisk klinikk, og det tar lengre tid å få pasientar utskrivne frå tryggingspost til tiltak i kommunen. Tryggingsposten har 100 prosent belegg.

Avdelinga treng midlar til å styrke tal stillingar på poliklinikk. Ventetidene er på veg oppover. I 2021 fekk ein tilsett ved aktivitetseininga oppgåve med å koordinere og lære opp tilsette og instruktørar i MAP som medfører at ein halv stilling ved aktivitetseininga vert nytta til koordinator i MAP. Dette fører til redusert aktivitetstilbod for våre innlagte pasientar grunna bortfall stillingsressurs.

Avdelinga treng midlar for å opprette stilling for erfaringskonsulent ved sengepostane i Førde.

Andre avdelingar i Helse Førde som kreftavdeling, fedmepoliklinikk, eldremedisinsk poliklinikk og andre avdelingar utanfor psykiatrisk klinikk ynskjer meir bistand frå psykiatrisk klinikk, men det er ikkje nok ressursar til dette utan at det går utover tilbod ved psykiatrisk klinikk.

Konkurransen om spesialistar er stor og det er derfor vanskelig å rekruttere spesialistar. Det vert eit viktig satsingsfelt å rekruttere spesialistar og tilsette som kan utdannast til spesialistar. Dersom avdelinga ikkje klarar å rekruttere nok spesialistar, vil dette påverke tenestetilbodet.

#### PBU

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU) har hatt høg aktivitet under pandemien. Ventetida har totalt sett gått opp, sjølv om vi har tilsett fleire med bruk av ekstraressursar som har blitt tildelt. Utan dette ville situasjonen vore endå meir krevjande. Samstundes som poliklinikkane har hatt auka tilstrøyming av pasientar, har det vore vanskeleg å avslutte pågåande saker, då desse pasientane òg har hatt det vanskeleg som følge av pandemien og nedstenging av samfunnet. PBU har lagt vekt på å gjennomføre gode og forsvarlege utgreiingar og behandling. Fleire saker enn tidlegare har blitt avvist i perioden, men avvisingprosenten ligg framleis godt under landsgjennomsnittet.

I tillegg til tilsetjing av nye medarbeidarar, har ekstramidlane blitt brukte til overtidsbetaling av tilsette (i hovudsak ved Førde BUP), kurs til tilsette og fyrstelinja i handtering av sjølvskading og sjølvmondsrisiko. I tillegg har vi leigd inn spesialistar i gruppebehandling for foreldre for at dei betre skal støtte og handtere borna sine på heimebane. Desse kursa blir gjennomførte ved alle poliklinikkane i løpet av hausten.

PBU har ikkje klart å rekruttere fagfolk til alle stillingane som har blitt lyst etter. Særleg har det vore utfordrande å rekruttere legar (både LIS og overlegar) til Førde BUP. Dette vil ein jobbe aktivt med framover for å få på plass.

Vi held fram det nære samarbeidet med fyrstelinja, og har høgt fokus på å levere kvalitativt gode tenester. Vi har framleis prioritert hastehjelp ved alle poliklinikkane. Dette meiner vi er eit godt tilbod til pasientar og samarbeidspartar. Dette gjer helsetenesta meir tilgjengeleg, samstundes som ein i større grad unngår unødige innleggingar som kan vere ei stor belastning for ungdomane. I tillegg gjev dette rask tilgang til tenestene våre til dei av pasientane våre som har særleg behov for rask hjelp.

Akuttinnleggingar ved ungdomsavdeling for psykisk helsevern (UPH) har gått opp under pandemien og beleggprosenten har vore høg samanlikna med tidlegare år.

Vidareføringa av ekstramidlar gjer at budsjettsituasjonen i 2022 er mindre krevjande enn den har vore tidlegare år. Samstundes er vi urolege for dei høge ventelistene som gjer at mange som treng hjelp må vente lenge. Det høge arbeidspresset vi har hatt over tid kan gå utover stabiliteten vi har i arbeidsstokken, og gjev samstundes ei utfordring i rekrutteringsarbeidet. Vi fryktar at arbeidsplassane våre blir mindre attraktive og at vi mister kompetanse vi har opparbeidd over lang tid, slik at pasientane risikerer å få eit redusert tilbod.

## **Risiko i budsjett for 2022**

Vi dekker gjestepasientkostnader i driftsbudsjettet. Det er alltid ein risiko for at fleire pasientar nyttar fritt sjukehusval, eller at vi ikkje har kapasitet. Dette vil kunne medføre kostnader utover budsjett som vi må dekke gjennom innsparingar på andre område.

Det har vist seg at det er vanskelig å rekruttere fagfolk med spisskompetanse (psykiatrar og psykologspesialistar). Mangel på fagfolk kan gi lågare inntekter enn budsjettet og bidra til auka ventetider. Tilsetjing av ikkje-spesialistar gir oss høge utdanningskostnader. Det er også risiko for å måtte leige inn helsepersonell til ein langt høgare kostnad enn om vi klarer å rekruttere egne tilsette.

## Ramme 2022

<b>Budsjettramme 2022 - PHV (tal i 1000 kroner)</b>	
Budsjett 2021	18 785
Innsparingskrav, redusert budsjettramme	3 147
Auka budsjettramme til utvida tilbod	-7 014
Prisendringar 2022	0
Realendring 2021 - 2022	3 867
<b>Budsjett 2022</b>	<b>18 785</b>

PHV forventar eit overskot i 2021 i høve budsjett. Overskotet skuldast lite reiseaktivitet, vakante stillingar gjennom året og at vi allereie i 2021 har tilpassa drifta til kostnadsnivået for 2022. Tilpassinga har skjedd ved omstillingar i drifta for å unngå driftsmessige utfordringar i 2022.

<b>Prisendringar (tal i 1000 kroner)</b>	
Endra basisinntekt	0
Prisauke DRG poeng	0
Prisauke inntekter	0
Lønsvekst	0
Endra pensjon	0
Prisendring varer og andre kostnader	0
<b>Netto prisendring</b>	<b>0</b>

Prisauken på inntekter dekker prisauken på kostnadene.

<b>Realendringar (tal i 1000 kroner)</b>		
Endring i inntekter ISP	- Midlar til tilbod i Vik fengsel og ELTE kandidat.	-947
Endra bemanning ISP	- Halde stilling som aktivtør vakant. - Etablert stilling for tilbod i Vik fengsel. - ELTE kandidat i 2022	441
Endring i driftskostnader ISP	- Reduserte kostnader til reiser og møter.	-225
Endring i inntekter NPS	- Redusert ELTE tilskot.	929
Endra bemanning NPS	- Færre ELTE kandidatar. - Redusert innleige frå vikarbyrå. - Mindre bruk av overtid	-1 200
Endring i driftskostnader NPS	- Reduserte kostnader til reiser og møter.	-291
Endring i inntekter PBU	- Auka ISF aktivitet - fleire tilsette i poliklinikk.	-1 264
Endra bemanning PBU	- Styrka poliklinikkar samt tilbod om tvang ved UPH.	3 978
Endring i driftskostnader PBU	- Redusert husleige, samt reduksjon i reiser og møter.	-1 227
Endring i inntekter PSK	- Reduserte tilskot til jobbkonsulentar, ELTE og forskning. - Auka ISF aktivitet - etablering av ambulant team.	-99
Endra bemanning PSK	- Heilårsverknad tryggingsspost. - Musikkterapeut - Styrking av ambulant team - Mindre bruk av overtid	5 687
Endring i driftskostnader PSK	- Reduserte kostnader til reiser og møter.	-344
Endring i inntekter ADM	- Mindre justering gjestepasientar.	-409
Endra bemanning ADM	- Mindre justeringar.	-195
Endring i driftskostnader ADM	- Gjestepasientar på nivå med 2021. - Reduserte kostnader til reiser og møter.	-967
<b>Netto realendring frå 2021 til 2022</b>		<b>3 867</b>

## Økonomi

Psykisk helsevern	Rekneskap 2020	Budsjett 2021	Prognose 2021	Budsjett 2022	Endring B22 - B21	Endring %
Basisramme	385 350	383 333	383 333	387 200	3 867	1,0 %
ISF egne pasienter	30 440	33 300	32 150	35 750	2 450	7,4 %
Gjestepasientinntekter	6 620	6 068	6 500	6 500	432	7,1 %
Polikliniske inntekter	254	190	375	405	215	113,4 %
Andre øyremærka tilskot	1 753	2 918	4 356	1 760	- 1 158	-39,7 %
Andre driftsinntekter	15 491	14 183	14 775	14 035	- 148	-1,0 %
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>439 909</b>	<b>439 992</b>	<b>441 489</b>	<b>445 650</b>	<b>5 658</b>	<b>1,3 %</b>
Kjøp av offentlege helsetenester	- 19 255	- 6 432	- 10 036	- 6 920	- 488	7,6 %
Kjøp av private helsetenester	- 4 647	- 4 299	- 2 100	- 3 000	1 299	-30,2 %
Varekost	- 5 737	- 4 217	- 5 660	- 5 320	- 1 103	26,2 %
Innleigd arbeidskraft	- 18 198	- 8 267	- 9 840	- 6 900	1 367	-16,5 %
Løn til tilsette	- 281 760	- 313 478	- 304 065	- 321 110	- 7 632	2,4 %
Overtid og ekstrahjelp	- 11 279	- 7 698	- 15 779	- 7 919	- 222	2,9 %
Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	- 51 400	- 51 078	- 51 078	- 51 078		0,0 %
Off tilskot og refusjonar vedr arbeidskraft	18 357	12 995	16 376	11 945	- 1 050	-8,1 %
Anna løn	- 37 140	- 43 423	- 42 776	- 44 600	- 1 176	2,7 %
Andre driftskostnader	- 34 285	- 32 880	- 30 356	- 29 533	3 347	-10,2 %
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>- 445 345</b>	<b>- 458 778</b>	<b>- 455 315</b>	<b>- 464 435</b>	<b>- 5 658</b>	<b>1,2 %</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>- 5 436</b>	<b>- 18 786</b>	<b>- 13 825</b>	<b>- 18 785</b>		

## Kostnadsutvikling

### Kjøp av helsetenester

Vi kjøper plassar innan psykisk helsevern og rusomsorg frå andre føretak. Årsaka er både at pasientane har fritt sjukehusval, og at vi ikkje alltid kan tilby pasienten rett behandling i vårt føretak. Desse kostnadene vart høgare enn plan for 2021 fordi vi måtte kjøpe tryggingplassar før eigen tryggingpost var opna. I 2022 legg vi til grunn at kostnadene vert normalisert, då vi har etablert tilbod om tryggleiksplassar i eige føretak.

### Innleige av arbeidskraft

Det har vore nytta ein del innleige av arbeidskraft i 2021 fordi vi ikkje har greidd å rekruttere arbeidskraft med rett kompetanse. Vi arbeider aktivt med å erstatte personell som har slutta, og har rekruttert godt i 2021. Vi legg til grunn at desse kostnadene vert noko lågare i 2022.

### Løn til tilsette og overtid/ekstrahjelp

Endringa skuldast budsjettert lønnsauke for 2022 og heilårsverknader knytt til bemanningsendringar i løpet av 2021. Heilårsverknad ved etablering av tryggleikstilbod frå mai 2021 utgjer brorparten av endringa inn i 2022.

## Aktivitetsutvikling

Aktivitet	Oppnådd 2018	Oppnådd 2019	Oppnådd 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Endring B21 til B22
<b>Psykisk helsevern vaksne</b>						
DRG poeng	3 526	3 666	3 377	3 937	4 249	312
Tal heildøgnsopphald	17 604	19 012	17 059	18 000	18 995	995
Tal utskrivne pasientar	1 027	1 086	1 066	1 030	1 040	10
Polikliniske konsultasjonar	25 455	25 326	23 686	26 500	27 800	1 300
<b>TSB</b>						
DRG poeng	428	385	380	434	454	20
Tal heildøgnsopphald	7 441	6 941	5 734	7 070	7 380	310
Tal utskrivne pasientar	244	236	186	240	235	-5
Polikliniske konsultasjonar	3 209	2 783	2 687	2 975	3 150	175
<b>Psykisk helsevern barn og unge</b>						
DRG poeng	5 360	5 534	5 877	5 952	6 381	429
Tal heildøgnsopphald UPH	1 145	1 369	1 356	1 250	1 250	0
Tal utskrivne pasientar UPH	87	67	87	80	80	0
BUP polikliniske konsultasjonar	16 384	16 979	16 028	17 500	18 700	1 200

Vi ventar at aktivitet knytt til døgnopphald for vaksne i 2022 vil auke opp mot nivået vi hadde i 2019. Vi har fått ekstra midlar til å styrke ambulant verksemd for vaksne og poliklinisk tilbod for barn og unge, og dette vil bidra til høgare aktivitet. Vi vil arbeide for å auke aktiviteten innanfor TSB i høve førre år.

## Aktivitet per avdeling


Poliklinikk konsultasjonar						
Avdeling	Oppnådd 2018	Oppnådd 2019	Oppnådd 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Endring B21 til B22
PBU	16 384	16 979	16 028	17 500	18 700	1 200
ISP	6 725	6 322	5 801	6 500	6 500	0
RUS ISP	719	683	616	650	650	0
NPS	8 112	6 802	6 029	7 500	7 300	-200
RUS NPS	596	394	458	525	500	-25
PSK	10 618	12 202	11 856	12 500	14 000	1 500
RUS PSK	1 894	1 706	1 613	1 800	2 000	200
SUM VP	25 455	25 326	23 686	26 500	27 800	1 300
SUM RUS	3 209	2 783	2 687	2 975	3 150	175

Poliklinikk DRG poeng						
Avdeling	Oppnådd 2018	Oppnådd 2019	Oppnådd 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Endring B21 til B22
PBU	5 360	5 534	5 877	5 952	6 381	429
ISP	837	871	807	992	998	6
RUS ISP	107	107	91	108	106	-3
NPS	1 088	952	839	1 131	1 104	-28
RUS NPS	73	55	66	108	106	-3
PSK	1 601	1 843	1 731	1 813	2 147	334
RUS PSK	248	223	223	217	242	25
SUM VP	3 526	3 666	3 377	3 937	4 249	312
SUM RUS	428	385	380	434	454	20

Heildøgn						
Avdeling	Oppnådd 2018	Oppnådd 2019	Oppnådd 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Endring B21 til B22
PBU	1 145	1 369	1 356	1 250	1 250	0
ISP	3 907	3 735	2 920	3 800	3 500	-300
RUS ISP	100	237	9	100	150	50
NPS	3 514	3 587	3 239	3 300	3 300	0
RUS NPS	3 004	2 439	1 847	2 500	2 200	-300
PSK	10 183	11 690	10 900	10 900	12 195	1 295
RUS PSK	4 337	4 265	3 878	4 470	5 030	560
SUM VP	17 604	19 012	17 059	18 000	18 995	995
SUM RUS	7 441	6 941	5 734	7 070	7 380	310

Utskrivne pasientar						
Avdeling	Oppnådd 2018	Oppnådd 2019	Oppnådd 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Endring B21 til B22
UPH	87	67	87	80	80	0
ISP	117	91	105	110	110	0
RUS ISP	8	10	1	10	10	0
NPS	168	217	191	170	180	10
RUS NPS	95	80	65	100	80	-20
PSK	742	778	770	750	750	0
RUS PSK	141	146	120	130	145	15
SUM VP	1 027	1 086	1 066	1 030	1 040	10
SUM RUS	244	236	186	240	235	-5

## Bemanningsplan



Budsjetterte brutto årsverk i 2021 er i snitt 465, mot realisert 468 i snitt dei første 10 månedene i år. I 2020 planla vi med 439 brutto årsverk i snitt, mot realisert 437.

I 2022 er det budsjettert med 476 brutto årsverk. Auken i planlagde årsverk i 2022 gjeld hovudsakleg heilårsverknad knytt til tryggingstilbodet som vart etablert i løpet av 2021. I tillegg har vi fått ekstra midlar til å styrke ambulant tilbod for vaksne og poliklinikk for barn og unge.

## Forsking

Psykisk helsevern held oppe satsing på forsking og har sett av midlar til forsking i budsjett 2022 på same nivå som i 2021.

## Budsjettprosess

Vi har arbeidd med budsjett sidan våren 2021, og tillitsvalde og verneteneste har vore inviterte til klinikkråd gjennom året. PHV har hatt følgjande milepælar i budsjettprosessen:

- 20.05.21 Klinikkråd med tillitsvalde og verneteneste. Orientering om budsjettprosessen generelt, foreløpige budsjettforesetnader og milepælar frå økonomidirektør.
- 18.10.21 Drøftingsmøte ISP med tillitsvalde og verneteneste.
- 19.10.21 Drøftingsmøte NPS med tillitsvalde og verneteneste.
- 19.10.21 Drøftingsmøte PBU med tillitsvalde og verneteneste.
- 25.10.21 Drøftingsmøte PSK med tillitsvalde og verneteneste.
- 28.10.21 Klinikkråd
- 04.11.21 Informasjonsmøte med TV/VO
- 11.11.21 Drøftingsmøte PHV med tillitsvalde og verneteneste.
- 15.11.21 KAMU PHV



## **Forkortingar for einingsnamn nytta i dokumentet**

Psykisk helsevern – PHV

Psykiatrisk klinikk – PSK

Nordfjord psykiatrisenter – NPS

Indre Sogn psykiatrisenter – ISP

Psykisk helsevern for barn og unge – PBU

Ungdomsavdeling for psykisk helsevern – UPH

Klinikken sitt arbeidsmiljøutval – KAMU